

FEDJE KOMMUNE
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato	13.03.2023
Vår referanse	2022/96976-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Elisabeth Aune
E-post	Elisabeth.Aune@vlfk.no
Telefon	95276339

Høyring- forslag til ny forskrift om hausting av tare i Rogaland og Vestland

Fylkeskommunane har ansvar for å leie arbeidsgrupper som skal arbeide fram forslag om revidering av dei regionale hausteforskriftane for tare. I Rogaland og Vestland er det ein haustesyklus på 5 år, og ny forskrift må fastsettast i god tid før 1.september 2023.

Rogaland og Vestland har etter siste revisjon ei felles forskrift, slik at fylkeskommunane har i denne revisjonen samarbeidt og leia ei felles arbeidsgruppe som har arbeidd med revisjon av forskrift om hausting av tare i Rogaland og Vestland. Vi sender no dette arbeidet ut på høyring før det vert sendt til Fiskeridirektoratet som skal utarbeide sjølve forskriftsteksten og set i verk forskrifa.

Høyringsfrist er sett til **14. april 2023**.

Høyringsuttale merka med saksnr 2022/96976 sendast:
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
eller på e-post post@vlfk.no

I vårt arbeid har vi vurdert eksisterande forskrift; inndeling av haustefelt, hausteplan, haustesyklus, forbodssoner/referanseområder. Fleirtalet i arbeidsgruppa føreslår at hausteregimet i hausteforskrifta vidareførast i ein ny femårsperiode.

Lovgrunnlag og mandat

Forskrift om hausting av tare i Rogaland og Vestland er ei regional forskrift som er heimla i nasjonal forskrift om hausting av tang og tare. **Eksisterande forskrift: Forskrift om høsting av tare i Rogaland og Vestland gjeld fram til 1.september 2023:** <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2018-09-10-1310>

Forskrift om hausting av tare gjev eit forbod mot å hauste tare med trål, med unnatak av opne felt som går fram av regional forskrift. Hausteplanen viser kva område som kan haustast til ei kvar tid. Kvart fylke er delt opp i haustefelt som haustast kvart 5. år, med bokstavkoding A-B-C-D-E. Haustefelta er avgrensa med kartkoordinatar i vedlegg til forskrift, og er digitaliserte i kart som har link til verneforskrifter og Lovdata. Dette finn de på Fiskeridirektoratet si kartløysing under fiskerireguleringer ved å trykke [her](#).

Mandat til vårt arbeid regionalt finn vi i den nasjonale forskrifa om hausting av tang og tare:
«Fiskeridirektoratet kan fastsette regionale forskrifter om hvor og når det er tillat å høste tare i den enkelte region. Forskriftsforslag utarbeides av fylkesvise grupper som ledes av fylkeskommunene. Fiskeridirektoratet kan i samråd med Miljødirektoratet, åpne for høsting av tang og tare for inntil 5 år av gangen dersom det er sannsynlig at ressursen og økosystemet i området kan tåle den belastningen høstingen innebærer».

Nasjonal forskrift om hausting av tang og tare er heimla i Havressurslova. I Havressurslova sin formålsparagraf står det: «Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønnsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske material og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna». Vidare seier lova at retten til ressursen ligg til fellesskapet i Norge.

Arbeidet med regional forskrift i Rogaland og Vestland

Ansvaret for å førebu arbeidet med utarbeiding av ei regional forskrift om hausting av tare er lagt til fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal sette ned arbeidsgruppe og leie arbeidet fram til eit forslag til ny forskrift. Fastsetting av forskrifter vil framleis ligge hjå Fiskeridirektoratet.

Arbeidet med forskrifter starta 1.februar 2023 med eit innleiande informasjonsmøte/Webinar om førebuing av arbeidet med utarbeiding av regional forskrift om hausting av tare. Det vart sendt invitasjon til alle berørte kommunar, organisasjonar og sektormynde. Etter dette vart dei som melde si interesse tatt med inn i ei arbeidsgruppe.

I det innleiande informasjonsmøtet/webinaret gjorde Fiskeridirektoratet greie for gjeldande tareforskrift, forskrittsfastsetting og forvaltning av tarenæringa, Havforskingsinstituttet tok for seg ressursovervaking og effekt av hausting av tare, naturtypekartlegging, næringa ved DuPont hadde ein presentasjon av produkt og hausteprosessar og Statsforvaltaren orienterte om verneområde og område med forbod mot tarehausting

Arbeidsgruppa hadde eit arbeidsmøte i Bergen 22.februar 2023. Deltakarar var fylkeskommunane som leiar, Statsforvaltaren i Rogaland og Vestland, Dupont, Fedje kommune, Bømlo kommune, regionrådet for Norhordland, HAFS regionråd og fiskarlaget. Havforskingsinstituttet, Fiskeridirektoratet var representert som referanse gruppe.

Arbeidsgruppa sitt framlegg til ny forskrift:

Arbeidsgruppa sitt arbeid har blitt avgrensa til inndeling av haustefelt, hausteplan, haustesyklus, forbodssoner/referanseområde.

Verken inndeling av haustefelt, hausteplanar eller haustesyklus vert foreslått endra i denne revideringa.

Fleirtalet i arbeidsgruppa vil ikkje føreslå å utvide dei områda der det skal vere forbode å tråle etter tare.

I denne revideringa føreslår arbeidsgruppa at Fiskeridirektoratet betrar informasjon på si kartløysing slik at alle område der det er restriksjonar mot tarehausting går fram på kartlag over hausting av tare. I dag ligg referanseområda som forbodssoner, men ikkje verneområda. Verneområde der det er forbode, og verneområde der det er tidsavgrensingar (med informasjon om avgrensingar) bør ligge i kartlaget "Tare" på Fiskeridirektoratet si kartløysing. Miljødirektoratet må koordinatfeste dei verneområda der det manglar.

Arbeidsgruppa føreslår at det før neste rullering vert sett av betre tid, med bestilling av forsking eller liknande i førekant av revideringa.

Med helsing

Bård Sandal
avdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Endre Høgalmen
seksjonsjef
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Mottakarliste

STAD KOMMUNE	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
BREMANGER KOMMUNE	Postboks 104	6721	SVELGEN
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
ASKVOLL KOMMUNE	Postboks 174	6988	ASKVOLL
FJALER KOMMUNE	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
HYLLESTAD KOMMUNE	Lifjordvegen 7	6957	HYLLESTAD
SOLUND KOMMUNE	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
GULEN KOMMUNE	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
FEDJE KOMMUNE	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
ØYGARDEN KOMMUNE BYGGESAK, TILSYN OG MILJØFORVALTNING	Ternholmvegen 2	5337	RONG
ASKØY KOMMUNE	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
AUSTEVOLL KOMMUNE	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
TYSNES KOMMUNE	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
FITJAR KOMMUNE	Postboks 83	5418	FITJAR
STORD KOMMUNE	Postboks 304	5402	STORD
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
AKVAPLAN-NIVA AS HOVEDKONTOR	Framsenteret Postboks 6606 Stakkevollan	9296	TROMSØ
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
FISKARLAGET VEST	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Postboks 691	6801	FØRDE
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE